



# Møtebok

Sak nr 25/2008

Møtedato: 7.5.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

## Sykkelprosjekt

Fjellstyret har delteke i eit felles sykkelprosjekt i vestfjellet. Utanom fjellstyret har det vore med eit par turistbedrifter og Valdres destinasjon. Kvar av partane skal årleg betala kr 8.000 i tilskot til tiltaket.

Vestfjellet er eit unikt område for sykling og tiltaket er svært positivt. Hovudarbeidet har så langt vore å betre skiltinga og det er utarbeidd ei eige brosjyre for sykling på stølsviddene. Det står framleis att ein del på skilting og det er planlagt eit betre kart/informasjonsmateriell.

Det er mykje arbeid med å få deltakarane til å betale kontingent, partar møter ikkje til styremøta og det er vanskar med å få gjennomført praktisk arbeid som er bestemt skal gjerast på dugnad. Fjellstyret har vore med på å administrere prosjektet, men det er vanskeleg å gjera ein god jobb med dette sidan responsen blant eigarane er liten. Fjellstyret bør derfor vurdere om ein skal vera deleigar i prosjektet. Støtte til prosjektet med tilskot og dugnad kan framleis vera aktuelt.

### Vedtak:

Fjellstyret vedtek å trekkje seg som part i sykkelprosjektet. Økonomisk støtte til prosjekt vil fjellstyret vurdere etter søknad.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 8.5.08

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Partar i prosjektet